



FJELL KOMMUNE

Ågotnes skule TLF 5509 7800
Hamramyra 10 5363 ÅGOTNES
E-post: agotnes.adm@fjell.kommune.no



www.agotnesskule.no

Velkomen til –

SKULEFORELDREMØTE I GYMSALEN OG PÅ KLASSEROMMA PÅ ÅGOTNES SKULE

1.-4. KLASSE: TYSDAG 28. AUGUST 2018 KL. 18.00-20.00

5.-7. KLASSE: ONSDAG 29. AUGUST 2018 KL. 18.00-20.00

Etter møtet i gymsalen, går alle foreldra vidare til klasseromma for klasseforeldremøte.

Skuleforeldremøta i gymsalen er opne for *alle føresette* ved den einskilde skulen iflg. Opplæringslova:

"På kvar grunnskule skal det vere eit foreldreråd der alle foreldre som har barn i skulen, er medlemmer. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og medverke til at elevar og foreldre tek aktivt del i arbeidet for å skape godt skulemiljø. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom heimen og skulen, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet." (§11-4.)

Klasseforeldremøta i klasseromma er opne for dei føresette i den einskilde klassen.

SAKLISTE PÅ MØTA I GYMSALEN:

1. **PRESENTASJON** av personalet (assistentar–lærarar–miljøarbeidar-ADM)
2. **DET PSYKOSOSIALE SKULEMILJØET** med resultatata frå mobbeundersøkinga våren 2018
3. **ORIENTERING** om Foreldrerådet v/FAU-leiar Stig Grønvold

Skulen forventar at alle elevane er representerte med minst éin vaksen 😊

Servering av kjeks, te, kaffi, frukt, twist i gymsalen.

VIKTIG:

Det vert eit kort kurs for alle FORELDREKONTAKTANE i samband med FAU-møte i september med orientering og tips om arbeidet og oppgåvene ein foreldrekontakt har. Det kjem eiga innkalling til dette.

Hjarteleg velkomne!

Venleg helsing Foreldrerådet/Samarbeidsutvalet/Administrasjonen